

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 25.01.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Hanne Løvereide Årstad  
**SAKA GJELD:** **Høyring - Forskrift om styringssystem i helse- og omsorgstenesta**

**ARKIVSAK:** 2015/2286  
**STYRESAK:** **012/16**

**STYREMØTE:** **10.12. 2016**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til høyringsuttale frå Helse Vest.

## Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet legg fram forslag om at gjeldande «forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten» blir erstatta av ny «forskrift om styringssystem i helse- og omsorgstjenesten».

Administrerende direktør er positiv til at den nye forskrifta i større grad fokuserer på kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit enn gjeldande internkontrollforskrift. Når det gjeld sertifisering, er Helse Vest usikker på om det er eit eigna verkemiddel for å auka kvaliteten på tenestene.

## Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har sendt på høyring forslag til forskrift om styringssystem i helse- og omsorgstjenesten. Forslaget går på å erstatta gjeldande «forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten».

Det er i forslaget til ny forskrift eit tydelegare krav til styring og kontroll. Strukturen i forskrifta er knytt til dei fire elementa i Demingsssirkel om kontinuerlig forbetring.

I tillegg til forslag til ny forskrift inneheld høyringa eit kapittel om kvalitetssertifisering av sjukehus. I denne samanheng omhandlar kapittelet tre ulike modeller for sertifiseringsordningar som departementet ber om innspel på.

## Kommentarar

Helse Vest har mottatt skriftlege høyringsuttaler frå Helse Stavanger HF, Helse Førde HF og Helse Bergen HF. Desse blir lagt ved brevet til departementet. Føretaksgruppa er i det vesentlege einige i dei innspel som blir lagt fram til departementet.

Administrerende direktør er positiv til at den nye forskrifta i større grad fokuserer på kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit enn gjeldande internkontrollforskrift. I denne samanheng blir det foreslått at tittelen på forskrifta blir endra til «Forskrift om kvalitet- og styringssystem i helse- og omsorgstjenesten»

Administrerende direktør er skeptisk til å innføre kvalitetssertifisering av sjukehusa og er usikker på effekten av å nytte sertifisering som verkemiddel for auka kvalitet av tenestene. I slike samanhengar bør ein vurdere innsatsen for å etablere og vedlikehalde eit slikt sertifiseringssystem, i forhold til resultatet ein får ut av ei slik ordning. Ein må og vurdere om det kan vera andre måtar å oppnå tilnærma same resultat, som f.eks gjennom krav til standardisering av ulike tjenester, som f.eks. pakkeforløp.

Når det gjeld forslag til ulike modellar for sertifisering, er det vanskeleg å peike på ein bestemt modell då alternativa ikkje er tilstrekkelig utgreia. Dette er både knytt til kostnadane for helseføretaka med å innføre ei sertifiseringsordning og ei betre utgreiing av kva nytteverdi ei eventuell sertifisering vil ha på kvalitetsarbeidet ved sjukehusa.

Administrerande direktør viser elles til vedlagte høyringsuttale, for ein meir detaljert gjennomgang.

## **Konklusjon**

Administrerande direktør tilrår at styret sluttar seg til forslaget til høyringsuttale.

### Vedlegg:

- Brev til Helse- og omsorgsdepartementet, Høring - Forskrift om styringssystem i helse- og omsorgstjenesten
- Høyringsvar frå Helse Stavanger HF, Helse Førde HF, Helse Fonna HF og Helse Bergen HF
- Høyringsbrev